

Alver kommune
Plan v/arealforvaltning,
Postboks 79
5906 Frekhaug

Saknr.:	Kommune:	gbnr.	Gardsnamn:	Dykkar ref.:
22-008	Alver	324/7 og 90 m.fl..	Snekkevika	20/159- 22/36508

Detaljplan for Langeland B5 Gbnr 324/7 og 90 mfl. - Begrensa høyring

Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsendar/mottakar	Planstatus	Saksh.
2022/	Inn	14.07.2022	Alver kommune v/Merethe Tvedt	Detaljplan for Langeland B5	SMV

NGIR har mottatt detaljplan for Langeland B5-Begrensa høyring gnr. 324/7 og 90m.fl i Alver kommune., og har følgjande merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Alver kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravne avfallsløysingar.

Hytter leverer avfall til felleskonteinarar plassert ulike plasser i kommunen.

I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og toler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 15. juli 2022

Siv-Merete Vedå

Siv-Merete Vedå
-Kunderådgjevar-